

Læringsnettverk

«Djupdykk i sakshandsaming – praktisk barnevernsarbeid»

Bakgrunn for prosjektet

- Diskusjon på kontoret om dokumentasjonen vi gjer er god nok, og at vi ikkje har samanlikningsgrunnlag.
- Dokumentasjonskravet er større enn nokon gong, fokuserer vi på det som er viktig?
- Ein dag skal barnet lese mappa si, er det samanheng i dei tiltaka vi sette inn, vurderingane vi gjorde, er språket forståeleg for lesaren?
- Spørsmålet vi også stilte er om ein ved dette prosjektet kunne få ei meir felles forståing blant barneverntenestene for korleis ein konkret jobbar med dokumentasjon – både innhald og malar.

Gjennomføringa av prosjektet

- Barneverntenestene i Sogn og fjordane vart einige om å søke midlar til EITT felles prosjekt i 2018. Fylkesmannen innvilga 500 000 kr.
- Det vart etablert ei prosjektgruppe som har bestått av Rita Stølen Veamyhr (Stryn/vertskommune), Jane Hesjedal (Gulen og Masfjorden) Hadle Blikra (Sogn barnevern) og Heidi Beinnes (Høyanger).
- Vi har hatt med oss Fylkesmannen og representant frå Høgskulen på Vestlandet i planleggingsmøte.
- Vi har vore representantar i Styringsgruppe
- Vi har laga prosjektomtale, budsjett, planlagt og gjennomført 3 samlingar à 2 dagar, skal presentere prosjektet på barnevernleiar samling på Flesland og rapportere til Fylkesmannen etter endt prosjekt.

6 dagar med fagleg innhald

- Fylkesmannen informerte om forventningane til dokumentasjon i barneverntenesta.
- Advokat Roar Vegsund hadde innlegg om dokumentasjonskravet, blant anna forsvarlegheit, barnets beste, medverknad, mildaste inngrep, innsyn og partsrettigheter.
- NTB Arkitektst, korleis bruke språket i tekstane vi skriv, korleis bruke malane best mogeleg. Utgangspunkt i vedtak.
- Gruppearbeid kring vedtak, for å gjere det så praktisk som mogeleg.
- Helsetilsynet orienterte om rapporten «Det å reise vasker øynene»

6 dagar med fagleg innhald forts.

- Tiltaksplanar i fokus – gruppearbeid
- Leiar for Fylkesnemnda Torstein Røed – gode og mindre gode saksframlegg. Samtaleprosess.
- Advokat Otto Roll – Partsrettigheter og innsyn
- Marte Knag Fylkesnes – Krysskulturelt barnevern, Frykten for barnevernet
- Bernt Hovind – Møteleiing

Deltakarar

- I utgangspunktet var det sakshandsamarane i Sogn og fjordane som fekk invitasjon til å delta. Her hadde prosjektgruppa estimert 115 tilsette inkludert tiltaksarbeidarar.
- Første samlinga var det 70 påmelde
- Andre samling var det 72 påmelde
- Tredje samling var det 68 påmelde
- Frå andre samling hadde vi blitt Vestland fylke, og vi åpna for at tidlegare Hordaland kunne melde seg på. Fylkesmannen gjekk inn med meir midlar slik at det let seg gjere.
- Deltakarar frå følgjande kommunar; Aurland og Lærdal, Bremanger, Eid, Førde og Gaular, HAFS, Gloppen, Gulen og Masfjorden, Høyanger, Jølster, Kvinnherad, Naustdal, Radøy, Selje, Sogndal, Stryn, Vik og Årdal
- I tillegg representantar frå Fylkesmannen og Høgskulen på Vestlandet

Evaluering av deltakarane

- Positive tilbakemeldingar på at det var lagt opp til to dagars samlingar. Mykje på grunn av det sosiale, men også på grunn av reiseveg. Førde var ein god plass å ha samlingane.
- Positive tilbakemeldingar kring tema som var teke opp i dei ulike samlingane. Tema var relevante, og deltakarane har fått vore med å påverka tema gjennom barnevernleiar møter.
- Det er ikkje tema deltakarane ville teke vekk, men forslag til fleire tema;
 - Vald – samanlike rutinar, få med politi og Barnehus
 - Møteleiing – hatt tema oppe på tvers av tenester
 - Observasjon i samværssituasjon – roller som tilsyn. Balansen mellom nærleik og avstand i observatørrolla.
 - Meir om barnet stemme – korleis få denne fram?
 - Fokus på råd og rettleiing i barneverntenesta

Evaluering av deltakarane

- Deltakarane var fornøgd med kvaliteten på førelesarane, bra at dei var så godt kjent med barnevernsfeltet
- Det har vore viktig at innhaldet har vore så praksisnært
- Innspel på at leiarane for barneverntenest burde vere med, då det er viktig for implementeringa av nye rutinar etc.
- Nokre tenester har endra malar i Familia (saksbehandlingsprogrammet)
- Blitt meir bevisste på språket i dokumentasjonen

Evaluering frå prosjektgruppa

- Alle i prosjekt gruppa opplevde første tida som litt kaotisk. Mandatet og rammene var uoversiktleg, var mykje å orientere seg i.
- Ikkje ein fordel at ein gjekk frå Sogn og fjordane til Vestland akkurat i denne perioden.
- Vi fekk i for liten grad kobla inn kompetansemiljøa. Fekk heldigvis med oss Høgskulen på Vestlandet frå 2. samling.
- Meiner at ein har hatt lite drahjelp av dei øvrige kompetansemiljøa som har blitt referert til forplikta seg til læringsnettverket. Vi har gjort arbeidet sjølv.
- Modellen på prosjektet vårt ser heilt annleis ut enn prosjekta Hordaland har sett ut. Vanskeleg å dra nytte av kvarandre sine erfaringar undervegs.

Evaluering frå prosjektgruppa forts.

- ALLE midlane har blitt brukt til fellesskapet. Her ser ein i etterkant at ein burde budsjettert med noko midlar til prosjektgruppa og tilhøyrande kommunar.
- Vi trudde vi kunne søke om nye prosjektmidlar i 2019, noko som ikkje var gjennomførbart. Heldigvis har Fylkesmannen i Vestland gått inn og finansiert det vi mangla for å gjennomføre prosjektet som planlagt.
- Målet til prosjektgruppa har vore å ha engasjerte og fagleg sterke førelesarar.
- Så praktisk og konkret som mogeleg.
- Å ha ein arena der barneverntenestene møter kvarandre.
- Heile prosjektperioden har vore både kaotisk og arbeidskrevjande, men også svært lærerik. Vi har mange fleire tema vi ynskjer å ha fokus på!!
- Ut frå føresetnadane føler vi at vi har lukkast med prosjektet, og gler oss til å vere deltakarar på neste prosjekt! 😊